

# **ROGALAND ARBEIDARPARTI**

# **PROGRAM 2019 - 2023**

## **SAMAN FOR FRAMTIDAS ROGALAND**



**Rogaland Arbeidarparti**

# Saman for framtidas Rogaland

Det handlar om framtida vår. Deg, familien din og vennene dine.  
Eit samfunn bygd på solidaritet og små skilnader.

Korleis skal me bygga denne framtida?

Det er dette politikk handlar om. Me i Arbeidarpartiet meiner me bygger ei betre framtid om me bygger ho saman. Det er fyrst då me kan skapa eit trygt arbeidsliv, løysa klima- og miljøutfordringane og skapa ein meir rettferdig økonomi som gir like mogleheter for alle.

Fylkespolitikken handlar om å sjå politikk på tvers av kommunegrensene. Arbeidarpartiet skal gjera Rogaland til ein god plass å bu for alle, både unge og eldre.

Me skaper ein god vidaregåande skule for alle, gode helsetenester og bustadområde som er bra for barn og unge. Me bygger trygge vegar og utviklar eit godt tilbod med buss, båt og tog. Alle skal få moglehheit til gode kulturopplevelingar og å delta på idrettsarrangement.

Arbeidarpartiet meiner at me finn løysingane om me jobbar saman, i heile Rogaland, med mål om eit rettferdig samfunn med like mogleheter og ekte fridom for alle.

For å klara det må me jobba saman med innbyggjarane, kommunane, staten, næringslivet, frivillige lag og foreiningar for å finna dei beste løysingane – saman for framtidas Rogaland.

A close-up photograph of two people's hands being held together. One hand is wearing a blue ribbed sweater, and the other is wearing a dark blue corduroy jacket. The background is a soft-focus outdoor scene.

# MINDRE ULIKSkap



Rogaland Arbeidarparti

# Mindre ulikskap

Arbeidarpartiet vil ha gode velferdsordningar som gir lik tilgang til helsehjelp, barnehageplassar, skule og utdanning og til hjelpe ved arbeidsløyse og sjukdom. Arbeid til alle er den viktigaste føresetnaden for mindre ulikskap.

Me vil redusera skilnadene mellom dei av oss som har mykje, og dei av oss som har lite. Me vil ikkje at nokon barn i Rogaland skal veksa opp i fattigdom.

Ei framtid med små skilnader er grunnleggande viktig for oss i Arbeidarpartiet.

## Rogaland Arbeidarparti vil

- at alle skal ha eit arbeid å gå til
- ha gratis skulemåltid på alle vidaregåande skular
- arbeida systematisk mot mobbing, ved bruk av mobbeombod og eigne innsatsteam på alle vidaregåande skular
- setta inn konkrete tiltak mot einsemde blant våre unge i skulen, som til dømes makkarordningar
- vidareutvikla nullvisjonen for fråfall i skulen
- ha god tannhelse for alle, med låge eigendelar
- sørga for at alle barn og unge i Rogaland har lik tilgang til kulturtilbod og idrettsaktivitetar, til dømes gjennom eit eige aktivitetsfond
- jobba mot sosial fattigdom blant unge og eldre, i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- ha eit pilotprosjekt for å testa ut ei meir rettferdig og sosial vegprising til erstatning for bompengar
- legga samfunnet universelt til rette for alle

# EIN SKULE FOR HEILE MENNESKET



Rogaland Arbeidarparti

# **Ein skule for heile mennesket**

Me er opptatt av å skapa ein god fellesskule med rom for alle. Alle skal få moglegheit til å utvikla evnene sine og ha fridom til å velja si eiga framtid.

Arbeidarpartiet ønskjer at alle kvalifiserte lærlingar skal vera sikra ein lærepass.

## **Rogaland Arbeidarparti vil**

- framleis ha fritt skuleval i Rogaland
- arbeida for at alle elevar som ønskjer det, skal kunna fortsetta på den skulen dei har byrja på, ved å fjerna karakterkonkurransen ved søking til vg2
- at ingen elevar skal måtta reisa meir enn éin time kvar veg til skulen
- starta fleire yrkes- og studiekompetanselinjer (YSKL), gitt at det er god nok tilgang på lærepassar i faga, slik at fleire kan ta både fagbrev og generell studiekompetanse samstundes
- at elevar som er i risikosona for høgt fråvær og å ikkje ha grunnlag for karakter, skal prioritertast slik at fleire kan fullføra
- sikra at dei som har falle heilt ut av skulesystemet, blir fanga opp, i samarbeid med blant anna Nav og kommunane, gjennom å oppretta nye kvalifiseringssenter
- auka fleksibiliteten i yrkesutdanninga for å innarbeida meir praksis tidleg i skuleløpet
- jobba for tettare samarbeid mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule, som til dømes Glidelåsprosjektet
- styrka fellesskulen og seia nei til kommersielle privatskuluar
- at alle elevar skal ha rett på tilpassa undervisning i lag med klassen sin
- innføra leksefri skule på våre vidaregåande skular
- at alle vidaregåande skular skal ha ein mobbeknapp på heimesida si, slik at elevar kan meld inn mobbing og upassande oppførsel

- ha minst éin sosialrådgivar per vidaregåande skule
- ha maksimalt 15 elevar per kontaktlærar
- førebygga rus- og avhengigheitsproblem blant elevane i vidaregåande skule
- arbeida for å førebygga vald og ekstremisme på våre vidaregåande skular
- at vaksenopplæringa skal vera desentralisert, for å sikra at vaksne får tatt vidaregåande opplæring der dei bur
- at fylkeskommunen skal organisera høgare utdanning i distrikta, som til dømes gjennom tilbodet «Utdanning i Regionane» og MoR-prosjektet
- styrka læremidla og utstyret ved skulane også gjennom digitalisering og automatisering
- betra overgangane mellom skule og varig tilrettelagd arbeidsplass og opplæring (VTA/VTO)
- at alle vidaregåande skular skal vera universelt utforma
- jobba for å auka den statlege finansieringa til fagskulen, slik at me kan auka talet på studieplassar
- styrka og aktivt ta i bruk moglegitene i fagskulane for fleksible utdanningsløp

# GOD HELSE OG LIVSKVALITET FOR ALLE



Rogaland Arbeidarparti

# **God helse og livskvalitet for alle**

Arbeidarpartiet vil jobba systematisk for mindre luftforureining, å førebygga sjukdom og skade og å fremma helse. Me vil at alle skal ha dei same moglegheitene til å leva friske og sunne liv.

Einsemd og dårleg psykisk helse er i dag blant dei største folkehelseproblema våre. Me vil jobba for at alle har lik tilgang til tenester uavhengig av eigen økonomi og kunnskap om lover og rettar.

Fylkeskommunen har eit spesielt ansvar for områda folkehelse og tannhelse.

## **Rogaland Arbeidarparti vil**

- utvida samarbeidet med kommunane og frivillige organisasjonar for betre folkehelse og utvida dagens økonomiske støtteordning til folkehelsearbeid
- arbeida for at tannhelse skal vera ein del av totalhelsa
- behalda den statlege støtta til tannregulering
- at fylkeskommunen framleis skal ha ansvar for den offentlege tannhelsetenesta, for å sikra eit godt og likeverdig tilbod i heile fylket
- etablera eit systematisk arbeid mot sjølvmort, blant anna gjennom eigen handlingsplan og samarbeid med interesse- og brukarorganisasjonar
- ha eit haldningsskapande arbeid mot seksuell trakassering, vald og overgrep i skulane våre og i Rogaland fylkeskommune
- vidareutvikla samarbeid mellom kommunar og vidaregåande skular for å skapa nye møteplassar mellom unge og eldre, til dømes gjennom «Livsglede for eldre»
- legga til rette for skular som ønskjer å bruka friluftsliv som ein del av undervisninga
- betra tilrettelegginga for friluftsliv og fritidsaktivitetar for folk med nedsett funksjonsevne

# ANSTENDIG ARBEIDSLIV OG ØKONOMISK VEKST



Rogaland Arbeidarparti

# Anstendig arbeidsliv og økonomisk vekst

Å skapa økonomisk vekst og nye arbeidsplassar i eit anstendig arbeidsliv er ein føresetnad for god samfunnsutvikling. Folk må ha ei lønn dei kan leva av, og arbeidsforhold som er føreseielege og trygge.

Rogaland fylkeskommune er ein stor arbeidsgivar og må gå framom når det gjeld heile og faste stillingar, bruk av lærlingar, kompetansebygging, arbeidsmiljø, inkludering og lik lønn for likt arbeid.

## Rogaland Arbeidarparti vil

- sikra eit trygt og organisert arbeidsliv og kjempa mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet
- tilby heile og faste stillingar i Rogaland fylkeskommune
- styrka og vidareutvikla seriøsitsetsreglane i Rogalandsmodellen for å sørga for at kontraktane blir tildelt seriøse aktørar som har tariffavtalar og deltar i lærlingordninga
- auka rekrutteringa til bussjåførerket gjennom å innføra krava i Rogalandsmodellen til seriøsitet og bruk av lærlingar også ved anbod i kollektivtransporten
- setta inn fleire konkrete tiltak for å førebu våre tilsette på digitaliseringa
- ha fleire læreplassar både i det private og det offentlege og dessutan ha fleire lærlingar innan blant anna helse og omsorg, barne- og ungdomsarbeid, IKT, reinhald og kokkefag
- jobba for fleire arbeidsplassar i distrikta og at eksisterande offentlege arbeidsplassar ikkje blir sentralisert
- at nye, statlege staduavhengige arbeidsplassar blir lagt til distrikta
- sjå på moglegheitene for å ha staduavhengige fylkeskommunale arbeidsplassar i heile fylket
- at fylkeskommunen som hovudregel skal tilby heile og faste stillingar

- etablere fleire varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA)
- at fylkeskommunen skal vera ein seriøs arbeidsgivar med eit sterkt varslarvern og god og reell medbestemming for arbeidstakarane
- behalda søndagen som annleisdag og som ein fridag for flest mogleg
- behalda IA-avtalen inntil eit reelt alternativ er på plass



# FRAMTIDSRETTA BYAR OG LOKALSAMFUNN



Rogaland Arbeidarparti

# Framtidsretta byar og lokalsamfunn

Me ønskjer oss levande byar og lokalsamfunn der det er godt å verka og vera. Me har mange slike flotte stader i Rogaland.

Me må skapa attraktive distrikt for å hindra fråflytting og for å vareta den viktige kultur- og naturarven vår i praksis.

Byområda i Rogaland veks, og dei treng gode transportsystem med mindre kø. Vegtransporten er ei av dei største kjeldene til klimagassutslepp og luftforureining. Me må redusera vegtrafikken ved å få fleire til å bruka kollektivtransport, sykla og gå i staden for å køyra privatbil i kvarldagen. Me må også legga til rette for ein meir effektiv og smartare varetransport.

Me må planlegga godt over lang tid i byområda for å bruka areala smart og riktig gjennom fortetta utbygging langs kollektivaksane og å redusera utbyggingspresset på landbruksareal.

Me skal sikra miljø- og klimavennleg offentleg transport til ein overkommeleg pris til alle.

## Rogaland Arbeidarparti vil

- ha byvekstavtalar for fleire kommunar/byar i Rogaland, med mål om utsleppsreduksjonar, endring i reisevanar frå privatbilar til kollektivtransport og at fleire syklar og går
- utvida HjemJobbHjem-ordninga med kollektivtransport til å gjelda heile fylket
- utvida kollektivtilbodet og talet på passasjerar ved å teikna nye bussruter som er tilpassa busettinga og transportbehova i distrikta, og sikra god framkomme, kapasitet og frekvens
- at du skal kunna leiga elbil og elsykkel ved viktige knutepunkt langs kollektivrutene i heile fylket
- halda prisane låge for å stimulera til at fleire bruker kollektivtransport, gjennom ungdomskortet, HjemJobbHjem-ordningane og ei utviding av 10-kronersbillettsordninga og HentMeg der desse har god effekt

- bygga fleire bustader langs dei viktigaste kollektivrutene og bygga nye skular og andre større offentlege bygg langs viktige kollektivruter
- gi økonomisk støtte til berekraftig reisemålsutvikling innan turist- og reiselivsnæringa
- styrka det regionale samarbeidet for å bidra til at store internasjonale bedrifter og anna næringsverksemd ønskjer å etablera seg i Rogaland
- auka dei regionale utviklingsmidlane (RUP) for å sikra meir næring i distrikta
- styrka satsinga på hamnene våre, inkludert fiskehamnene, og vidareutvikling av desse
- framleis bidra til omstillingsprosjekt i kommunane
- at meir gods skal fraktast via jernbanen og sjøvegen, og at det skal brukast elektriske og sjølvkøyrande fartøy der det er mogleg
- støtta utviklinga av Stavanger lufthamn Sola og Haugesund lufthamn Karmøy
- at tettbygging og urbanisering langs kollektivaksar i byområda skal prioriterast i arealplanar
- oppretta fleire prøveprosjekt med sjølvkøyrande bussar
- greia ut ei støtteordning for innkjøp av elektrisk transportsykkel for familiar der ein slik sykkel er eit reelt alternativ til bil nummer to



**MEIR INNOVASJON, SAMFERDSEL  
OG BETRE INFRASTRUKTUR**



Rogaland Arbeidarparti

# **Meir innovasjon, samferdsel og betre infrastruktur**

Me treng gode vegar, transport, energi og informasjonsteknologi for at samfunnet skal fungera og utvikla seg. Samfunnet og behova våre er i rask endring, og me må sikra at alle har lik tilgang slik at dei kan delta fullt ut.

## **Rogaland Arbeidarparti vil**

- at kollektivtilbodet skal vera gratis for barn under 6 år
- ha eit familiekort for kollektivtransport i heile fylket, som inkluderer to vaksne og inntil tre barn under 16 år
- auka aldersgrensa for barnebiletten til 18 år
- at bysykkel også skal vera inkludert i ungdomskortet
- at båtruta til Røvær skal gå innom Vibrandsøy ved tilkalling
- ha gode og saumlause overgangar mellom skuleskyssen og kollektivtilbodet elles
- sikra eit høgfrekvent kollektivtilbod til heile Ryfylke gjennom Ryfast og oppretthalda eit godt hurtigbåttilbod til Stavanger
- jobba for at Rogaland skal få statlege overføringer til båt drift slik at me kan oppretthalda eit forsvarleg tilbod i heile fylket
- ha fleire direkteruter i rushtidene til dei store arbeidsplassområda i fylket
- prioritera sykkelstamvegar og sykkelbysatsingar
- prioritera trafikktryggleik for gåande og syklande langs fylkesvegane
- legga til rette og arbeide aktivt for å etablera meir datasenterindustri i Rogaland
- sikra god mobildekning, fiberutbygging og elforsyning i heile fylket
- at Rogaland fylkeskommune som innkjøpar og bestillar skal krevja bruk av ny teknologi og nye løysingar, og slik vera ein pådrivar i samfunns- og næringsutviklinga

- legga til rette for fleire sjølvkøyrande kollektivløysingar og for industrien som i framtida skal utvikla og drifta denne infrastrukturen
- at seriøsitettsreglane i Rogalandsmodellen også skal gjelda ved vegbygging
- forlenga dobbeltporet på Jærbanen til Egersund
- ha hovudkorridor frå aust til vest via E134
- ha firefeltsveg på E39 Bokn–Stord og at han er ferdig til T-sambandet samtidig som Rogfast opnar
- opna att Ålgårdsbanen med statleg finansiering
- styrka ras- og skredsikringa langs fylkesvegane og utsette riksvegar
- gå vidare i arbeidet med å realisera Øyfast dersom det pågåande utgreiingsarbeidet gir grunnlag for det
- jobba for fleire statlege midlar til vegfinansiering slik at me kan fullføra fleire prosjekt
- at dei statlege midlane til flaum- og rasførebyggande tiltak må aukast monnaleg
- gjennomføra prosjekta Bymiljøpakken Nord-Jæren, Utbyggingspakke Jæren og Haugalandspakken
- bygga ut fleire ladestasjonar for elbilar på offentlege parkeringsplassar



# **ANSVARLEGFORBRUK, LANDBRUK, HAVBRUK OG PRODUKSJON**



Rogaland Arbeidarparti

# **Ansvarleg forbruk, landbruk, havbruk og produksjon**

Rogaland er ein region som produserer store mengder landbruksvarer, sjømat, industrivarar, olje og gass. Dette er bra og viktig for heile landet. Likevel må produksjonen av varer og produkt framover brukta færre ressursar, gi færre miljøøydeleggingar og gi lågare klimagassutslepp.

I dag bruker me som forbrukarar meir enn kva jorda vil kunna tola i framtida. Det betyr at me må gjera endringar allereie i dag for å sikra ei god og trygg framtid for alle.

## **Rogaland Arbeidarparti vil**

- jobba for fleire sirkulære økonomiar der avfall i éi næring blir ressurs i ei anna
- legga til rette for å utnytta spillenergien i all produksjon
- styrka satsinga på sjømat- og oppdrettsnæringa i sjø og på land og styrke forskings- og undervisningskompetansen på feltet
- fremma gardsbasert næringsutvikling
- løfta fram småbruket og moglegheitene for meir intensiv grønsaksproduksjon og reduserte klimautslepp gjennom å styrka det rike mikrolivet i jorda
- bruk klimarekneskapen i fylkeskommunen aktivt for å redusera eigne klimagassutslepp
- heva kompetansenivået innan matvaretryggleik og vera ein god samarbeidspartner for matvareindustrien i arbeidet mot matvaresvindel
- styrka kompetansen innan feltet klimasmart landbruk, blant anna gjennom rådgivingstenesta innanfor feltet
- ha forsvarleg mattryggleik og vareta bøndene i samband med klimatilpassingstiltak i møte med ekstremvêr og tiltak for dyrevelferd
- utdanna fleire gartnarar ved Øksnevad vidaregåande skule for å betra rekrutteringa til yrket

- legga til rette for meir eigenprodusert mat, urban matproduksjon og hydrolandbruk
- gjera jordvernet strengare enn det er i dag, og forhindra mellomlagring av matjord som må flyttast
- sikra eit berekraftig og levedyktig landbruk og legga til rette for store og små bruk i heile fylket
- jobba for god dyrevelferd
- at staten skal betala for arkeologiske utgravingar



**KULTUR OG IDRETT TIL ALLE**



Rogaland Arbeidarparti

# Kultur og idrett til alle

Kultur- og idrettsopplevelingar gir liva våre innhald og knyter oss saman som menneske. Kulturen er med på å bryta ned barrierar og skaper nye og sterkare fellesskap.

Kultur er heilt nødvendig for eit samfunn som vektlegg demokrati, fellesskap, ytringsfridom og utvikling. Me treng kultur som utfordrar, foreiner og får oss til å strekka oss – som individ og som fellesskap.

## Rogaland Arbeidarparti vil

- auka den generelle støtta til frivillige kultur- og idrettsorganisasjonar
- styrka dei regionale biblioteka som arenaer for leselyst, norsk språk, læring og kulturopplevelingar
- støtta opp om regionmusea, inkludert Jærmuseet si rolle som regionalt vitensenter for Sør-Vestlandet
- satsa på musikk i alle sjangrar og etablera Musikkraft etter modell av Filmkraft og satsa på næringsutvikling og kultureksport i film- og musikkbransjen
- utvikla potensialet i koplinga mellom kultur, næring og reiseliv
- arbeida for å etablera «Kultur i fengsel», slik at fengselsinstitusjonane i Rogaland får eit godt og variert kulturtildel
- ha kulturkort for alle barn og ungdommar som ønskjer det, og arbeida for eit nasjonalt kulturkort
- stilla krav til tilgjengelegheit for alle på idrettsanlegg me er med på å finansiera
- at idretten skal vera ei rusfri sone
- setta av éin million kroner til prøveordningar der ein kan søka om midlar til tiltak for å inkludera grupper som fell utanfor organisert idrett og annan aktivitet
- setta av éin million kroner årleg for at ungdom skal kunna delta på kultur- og idrettsarrangement uavhengig av familien sin økonomi

- støtta opp om filmnæringa i Rogaland gjennom å støtta Filmkraft og Filmfestivalen i Haugesund
- gi støtte til eit godt og variert konserttilbod over heile fylket og gi Stavanger symfoniorkester og Nord-Rogaland symfoniorkester føreseielege rammevilkår
- gi føreseieleg økonomisk støtte til dei viktige regionale musikkfestivalane
- styrka og støtta dei regionale kulturinstitusjonane innan musikk, teater, opera og biletkunst
- arbeida for ein prøvesal for Haugesund Teater og nybygg til Rogaland Teater, der staten tar ein monnaleg del av medfinansieringa
- auka stipendordningane og legga særleg til rette for unge kunstnarar
- ha kunst i offentlege rom og kunstnarisk utsmykking av offentlege bygg som fylkeskommunen bygg
- vidareføre Den kulturelle spaserstokken



**MEIR REIN ENERGI**



Rogaland Arbeidarparti

# Meir rein energi

Energi er den største bidragsytaren til klimaendringar gjennom utslepp av CO<sub>2</sub> og andre klimagassar. Løysinga er fornybar energi som vasskraft, vindkraft, biogass og solkraft.

Fram til me har nok fornybar energi i verda, vil norsk olje og spesielt norsk naturgass spela ei viktig rolle i å redusera bruken av kol, som er mykje meir forureinande.

Klimaendringane er eit globalt spørsmål og kjenner ingen landegrenser. Målet er at me saman med det internasjonale samfunnet skal klara å stoppa temperaturstiginga på jorda før ho når halvannan til to grader.

## Rogaland Arbeidarparti vil

- ha føreseielege og gunstige rammevilkår for utbygging av fornybar energi
- at skatteregimet for vasskraft må gjera det lønnsamt å bygga ut og å rehabilitera kraftverk der det er foreinleg med naturvernomsyn
- at fornybarfondet Nysnø skal få dei rammene dei treng for å fungera som eit effektivt fond som også kan skapa nye arbeidsplassar innan fornybar energi i Rogaland
- framleis satsa på olje- og gassnæringa i Noreg, med meir satsing på berekraftig produksjon, blant anna gjennom elektrifisering av norsk sokkel
- oppretthalda leiteaktiviteten på norsk sokkel og moglegitetene til å greia ut tildelte felt
- satsa vidare på karbonfangst og -lagring (CCS) og at Noreg skal ta ei leiande rolle i teknologiutviklinga, og jobba for at Rogaland får ei sentral rolle i denne utviklinga av olje- og energibransjen
- gjeninnføra fritaket for CO<sub>2</sub>-avgifta for LNG-gass som drivstoff for skip, for å gjera LNG konkurransedyktig mot diesel
- legga til rette for ny maritim energiteknologi med testcenter i Rogaland og energiparkar til havs
- fjerna CO<sub>2</sub>-avgift på biogass fordi det er eit fossilfritt energialternativ

- at kollektivtransporten i Rogaland skal vera låg- og nullutsleppsbasert innan 2025
- ha ei nasjonal fornybarlinje i vidaregåande skule i Rogaland
- legga til rette for tidleg hydrogensatsing i Rogaland
- legga til rette for meir landstraum til skip i hamner
- stilla strenge miljøkrav ved anbod, med mål om fossil- og utsleppsfrie byggeplassar
- oppretta ei ordning som stimulerer til energieffektiviseringstiltak i bygga til fylkeskommunen, ha energiattestar for alle eigedommane til fylkeskommunen og arbeida for generelt medvit om forbruk ved alle fylkeskommunale bygg



# SAMARBEID OG PARTNARSKAP FOR Å LUKKAST



Rogaland Arbeidarparti

# Samarbeid og partnarskap for å lukkast

For å lukkast med alt det me vil få til og dei måla me set oss, er me avhengige av godt samarbeid og sterke partnarskap.

Partane i arbeidslivet, alle offentlege myndigheter, næringsliv, frivillige lag og foreiningar og enkeltmenneske må samarbeida for å oppnå den samfunnsutviklinga me ønskjer.

## Rogaland Arbeidarparti vil

- vera ein aktiv partner for klyngene me har, og nye klynger som blir oppretta i Rogaland
- vidareutvikla og utnytta den verdsleiande næringsklynga vår innanfor olje- og gasssteknologi til å skapa nye næringar
- vidareutvikla ei leiande næringsklynge innan omsorgsteknologi og energi og miljø, der også dei vidaregåande skulane og fagskulane speler ei viktig rolle i tillegg til høgskular og universitet
- laga effektive plan- og reguleringsprosessar der private og offentlege interesser arbeider integrert i heile prosessen
- behalda det fylkeskommunale eldrerådet som eit sjølvstendig råd
- avbyråkratisera og forenkla søknadsprosessar innan næring og kultur for å utvida tilbodet til fleire
- at viktige planar som blir utarbeidde i fylket, er samordna på tvers av fagområde
- at Rogaland skal vera leiande innan tunneltryggleik, og sikra eit kompetansemiljø på feltet
- at Rogaland skal få ein øvingstunnel for trening for brannvesen og andre redningsmannskap



**Rogaland Arbeidarparti**